

Karsten Augestad

Dato: 30.04.2014
Vår ref.: 2014/10710-2
Saksbehandlar: gunaut
Dykkar ref.:

Bevaring av saga på Grind i Tørvikbygd – Kvam herad

Det vert vist til brev motteke 22.01.2014. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt i kulturminnevernet.

Kva saka gjeld

Vernelaget for Grindsaga viser til planane for bygging av småkraftverk i Lyselva i Tørvikbygd, og er uroa for at saga ikkje får nok vatn til å drive vasshjulet. Vernelaget har vore i kontakt med Småkraft AS som prosjekterer anlegget.

Vurdering

Grindsaga er ei enkeltblada oppgangssag, bygd i 1880 åra. Saga vart sett opp som ei følgje av utskiftinga på Augestad der det var stor trong for skoren material, og var i årleg drift frå 1885 til 1956. Omlag 1970 sette eigarane bygningen i stand. Eigarskapen vart seinare overteken av Tørvikbygd bygdemuseum. Museumstyret tok i 1999 initiativ til skipinga av «Vernelaget for Grindssaga». Laget hadde som mål å få saga i drift. I løpet av ein femårsperiode vart det lagt ned 1500 dugnadstimar. Laget fekk tilskot av Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune og Kvam herad. I 2004 opna saga for drift. Det er mellom anna skore bord til kleding og sutak på verdsarven Bryggen i Bergen med same skur som den opphavlege materialen frå 1702.

Oppgangssaga fortel om ein viktig del av den vestnorske industrihistoria, og gjev eit eineståande innblikk i eldre sagbruksteknologi. Saga byr på kunnskap og opplevingar, men bidreg også til å skape verdiar, til dømes ved at ein produserer bord. Det er lokal oppslutning om bevaring. Sagbrukshistoria går langt attende i tid. Sagene i Kvam og Jondal er sjeldsynte i nasjonal samanheng og er av dei få kulturminna som står att etter ei stor og viktig næring. Hordaland fylkeskommune ser saga på Grind som eit teknisk kulturminne med svært høg kulturminneverdi. Verdien er styrkja ved at saga vert nytta i istandsetjinga av andre viktige kulturminne.

Når det gjeld planane for bygging av småkraftverk viser Hordaland fylkeskommune til høyringsbrev sendt ut 2. april 2014 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE): *Søknad om tillatelse til å bygge 12 småkraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger kommune*. Lyselva i Kvam er mellom dei omsøkte tiltaka. Bygging av kraftanlegg inneber ei minstevassføring på 25 l/s om sumaren og 12 l/s resten av året. Høyringsfråsegner skal sendast NVE innan 30.06.2014. Hordaland fylkeskommune skal handsame denne saka på ordinært vis og vil gje samla fråsegn i saka. Kulturminne er mellom dei sektorinteressene som fylkeskommunen skal vurdere.

Kulturminne er unike, ikkje-fornybare og uerstattelege. Ifølgje St. meld. nr. 26 (2006-2007) skal mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø forvalta og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Hordaland fylkeskommune ser saga på Grind i slikt ljós.

I ei sak om utbygging av Lyselva vil fylkeskommunen leggje vekt på at ein sikrar kulturminneverdiane. Ei oppgangssag utan vatn misser den viktigaste funksjonen - å sage. Eit heilt sentralt spørsmål vert difor om eit kraftverk vil sleppe nok vatn i elva til at saga kan køyrast på same vis som i dag. Ein må ta stilling til behovet ei minstevassføring, og det må undersøkjast kva som er tilstrekkeleg mengde vatn for saging. Vi viser til vår samla fråsegn i saka.

Konklusjon

Oppgangssagene i Hardanger er nasjonale kulturminne. Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn har Grindsaga i Tørvikbygd svært høg kulturminneverdi. Tilgang til vatn for drift av saga er ein føresetnad for ei berekraftig forvalting av kulturminnet. Omsynet til bevaring skal gje premissar for korleis ein regulerer bruken av vatnet i elva.

Med helsing,

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Gunnbjørg Austrheim
seniorarkitekt

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Kvam herad